



Tingvoll, 20.12.2022

Kommunal- og distriktsdepartementet
v/Kristiansund kommune
postmottak@kristiansund.kommune.no

KLAGE PÅ VEDTAK - R-317 Detaljregulering for Løkkemyra handelspark II, vedtatt reguleringsplan

Dykkar ref. PLAN-19/00524

Eit tema i denne saka er føreseieleg arealbruk, sidan ein del politikarar er opptatt av det. I så måte sprikar det litt, men det finst også ei heilt klår line.

I den gamle arealdelen til kommuneplan frå 2011 er arealet lagt ut til næringsverksemd. Det er siste gong eit styrande dokument gjer det.

Noko snudde, og i desember 2015 gjorde Kristiansund kommune vedtak om at vi har ei klimakrise¹.

Politikerene i Kristiansund har lyttet til disse internasjonale avtalene og til nasjonale føringer. Derfor ble det i desember 2015 bestemt å sette i gang et lokalt kommunalt klimaarbeid. Politikerne erklærte klimakrise og vedtok et mål om å være klimanøytrale innen 2050.

Verda skal no halvere sine klimagassutslepp i løpet av nokre få år. Kristiansund er framleis ein del av verda, og innrettar si verksemd for å oppfylle sin del av klimamåla. Noko anna vil vere alt anna enn føreseieleg.

Etter det er samfunnsdelen til kommuneplanen vedtatt 15.12.2020.

¹ <https://www.kristiansund.kommune.no/tjenester/natur-og-miljo/klimaendring/klimaendring-i-kristiansund/>

Mål for planarbeidet

- Vi skal prioritere fortetting og transformasjon av allerede utbygde områder fremfor å bygge ned nye arealer.
- Vi skal bygge vidare på den kompakte byen gjennom fortetting og transformasjon av sentrale områder og områder med god kollektivdekning, og jobbe for god tilgjengelighet i kommunen.
- Vi skal tilrettelegge for attraktive næringsarealer i tilstrekkelig omfang og på riktig sted, i et langsiktig perspektiv og sett i sammenheng med våre nabokommuner.

- Vi skal sikre god bokvalitet og gode oppvekstvilkår for barn og unge.
- Vi skal ta vare på viktig grønnstruktur i kommunen og sørge for god tilgjengelighet til grøntområder i alle bydeler.
- Vi skal jobbe for en klima- og miljøvennlig utvikling av kommunen, og ruste kommunen for forventede klimaendringer.
- Vi skal ta vare på Kristiansunds særpreg og identitet gjennom å ivareta kommunens kulturminner og -miljøer.

Tar ein kulepunkt 1, 2, 5, 6 og 7 på alvor, må kommunen seie nei utbygging ved Stabeldammen.

Når det gjeld kulepunkt 3 og 4 er desse mindre aktuelle i denne saka.

Det er ei naturleg følge at arealet ved Stabeldammen no blir omregulert til grøntstruktur i den nye arealdelen til kommuneplan

Det står kommunen fritt å omregulere føremål, dvs. å regulere dette som LNF-område, viss dette er hensiktsmessig, sjølv om nokon har posisjonert seg ut frå tidlegare føremål.

Kartlegging – naturmangfaldlova § 8

Vi legg merke til at Norconsult i sin rapport frå 2021 framleis kartlegg på grunnlag av DN-handbok 13 og opererer med kystmyr med nedre areal 50 dekar for registrering. Det er no vanleg å kartlegge med grunnlag i NiN. Der er minsteareal litt varierende 250-2500 m². Å kartlegge eit areal som har ei reguleringshistorie er elles langt frå enkelt. Det kan vere ein heller bør sjå på kva funksjon arealet har, for å kunne forstå eit slikt område.

Ved søk på insekt i konsekvensutgreiinga, får vi eit treff. Insekt er nemnt som mat til storspove. Når vi ser på Artskart, finn vi ikkje insektregistrering i det heile i reguleringsområdet. Stader som Stabeldammen skal normalt ha eit betydeleg insektliv. Utreiingane i denne saka fortel ingenting om det. Ved utbygging må ein gå ut frå at svært mykje av det eksisterande insektlivet vil bli borte. I Kristiansund kommune er det registrert meir enn 5400 observasjonar av insekt fordelt på 933 taksonar på Artskart. Ingen av dei innanfor reguleringsområdet.

Ein sjekk på Artskart for reguleringsområdet viser faktisk berre fugl og karplanter. Dvs. at lav, sopp, mosar, algar, amfibiar og pattedyr manglar i tillegg til insekt.

Sumverknad – naturmangfaldlova § 10

Stabeldammen er eit av ganske få naturområde (sjølv om det er rørt) som har vasspegel og myr i Kristiansund kommune. Viss eit slikt naturområde blir sprengt vekk, så er det forskjell på om det er eit område som er 1 av 3 eller 1 av 100. Slike areal har i tillegg til ein eigenfunksjon oftast også funksjon for areal som støyter til. Dette er tema vi meiner er for dårleg utgreidd i saka.

Avbøtande tiltak - Fugl

Naturundersøkingane når det gjeld fugl i området består av to feltdagar frå Norconsult si side, og ein del observasjonar i Artskart. I Artskart ligg det inne ca. 70 observasjonar av fugl. Flesteparten av dei er gjort i 2022, og i alt 60 av observasjonane er gjort i perioden 2020-2022. 4 observasjonar er frå 2000-2010, to frå 1990-1999. Det tyder at ein har eit visst bilete av kva fuglar som er der i 2022, men i liten grad over ein lengre periode, t.d. ein trettiårsperiode. Det tyder at ein i liten grad kan seie noko om korleis dette området har utvikla seg med dei påverkingane som har vore i området nokre tiår.

Det finst 903 registreringar av vipe i Kristiansund kommune. Av desse er det 176 observasjonar frå 2015 og til no. Av desse er det berre ein observasjon på Nordlandet. Vipe er kritisk truga. Viss arten skal bergast må areal både til hekking og matsøk stå der klare viss/når bestanden veks igjen. Er Stabeldammen ein slik stad? Det har vi ikkje fått vite noko om i denne saka. Men vi har tala med folk som seier dei har sett vipe i området for ein del tid tilbake.

Reguleringsplanen er veldig konsentrert om fiskemåke og storspove som er raudlista. Det er vel og bra at dei to artane får merksemd. Vil ein unngå at ytterlegare artar hamnar på raudlista, må ein også ha merksemd på dei andre artane som er påvist i området, og dei som ikkje er påvist no, men som er der.

Utbygging vil få betydeleg konsekvens for fugl og då spesielt storspove og fiskemåke.

Det er lagt opp til avbøtande tiltak i form av tilrettelegging av reirplassar for fiskemåke ved Vollvatnet og aust for Gløsvågen. For storspove er tiltaket bandlegging av areal aust for Gløsvågen.

Det er ein god tanke med avbøtande tiltak. Men dette er jo ikkje det. Areala aust for Gløsvågen er ikkje utbygd i dag. At det arealet ikkje skal byggast ut i framtida er ikkje avbøtande tiltak. Oppsetting av reirplassar for fiskemåka kan føre til betring for den arten. Men tiltaket må gjennomførast for å bøte på skaden som alt har oppstått ved at fiskemåka er jaga frå skanse til skanse gjennom mange år. Å bruke same verkemiddel fleire gongar er ei vel kreativ bokføring som må avvisast. Følgjeleg har ein i denne saka ingen avbøtande tiltak, og det gjer at den negative konsekvensen av utbygging framleis er stor.

I dag finst det areal ved Vollvatnet, Stabeldammen og aust for Gløsvågen som er interessante for fiskemåke og delvis storspove, nemnt i denne saka. Etter bruk av «avbøtande tiltak» finst det berre slike areal ved Vollvatnet og aust for Gløsvågen. Når 2+1 ikkje blir 3, men berre 2, så blir det raudstrek frå mattelæraren.

Utbygging av myr – CO2-rekneskap

Det finst eit stortingsfleirtal som meiner at det ikkje er berre bønder, men også anna verksemd som skal halde seg unna inngrep i myr. Dessverre kløna Stortinget det til, slik at ein no har høgst uklare vedtak i saka. Men det er ingen tvil om kva som er meint. Myra treng vi for å berge klimaet. Kristiansund har ansvar for sin del av dette, og skal få meir enn nok å tenkje på for å nå måla om reduksjon av klimagassutslepp i åra som kjem.



Figur 1. I grensa mellom myra vest for Stabeldammen og handelsområdet som alt er i bruk. Torvlaget er her nærare ein meter tjukt. Foto Øystein Folden 23.10.2022.

Det er i sakspapira eit tal for eingongsutslepp av CO₂ ved reguleringa. Men myra har to funksjonar, ein lagerfunksjon og ein samlefunksjon. Når myra er borte vil den ikkje samla CO₂ i framtida. Det tyder at det i tillegg er eit tap på binding av karbon kvart einaste år i all framtid.

I førnemnte forsøk på ny lovgjeving om myr ligg det føringar om at det ikkje skal vere nokon annan utveg, og at ein må til med kompenserande tiltak.

Vi er i grunnen overtydde om at det ikkje er nødvendig å bygge fleire handelshus i Kristiansund. Vi må redusere forbruket vårt i åra som kjem for å berge klimaet som Kristiansund bystyre har vedtatt er i krise. Då må det bli mindre handel.

Vi er elles overtydde om at det finst andre areal i Kristiansund som ein kan bygge nye butikksenter på, slik at ein ikkje treng å øydelegge myr.

Viss det likevel skulle vere slik at ein treng nye utbyggingsareal for å bygge sjukehus, motorvegbru eller flyplass som ikkje er så lett å legge kvar som helst, så kan ikkje eit handelshus pressast fram på same måten. Viss eit handelshus likevel skulle presse fram noko slikt, må ein i tilfelle kompensere dette ved å restaurere minst dobbelt så mykje myr ein stad ikkje altfor langt unna.

Regulerings-saka manglar mesteparten av slike vurderingar. Dermed blir grunnlaget i saka feil. Ulempene ved å bruke arealet blir vesentleg større enn det som er lagt til grunn.

Friluftsliv

Det er i den seinare tida bruka nokre millionar for å ruste opp stiane til Kvernberget. Sjølv om pent lagde steintrapper kan vere til oppmuntring, så reknar vi med at det er naturen som folk lettare kan få kontakt med som er den største verdien. For at denne naturen skal gje positive opplevingar er det ein fordel at han har litt storleik. Det vil såleis vere negativt for friluftslivet viss Stabeldammen blir erstatta med handelssenter.

Rekkjefølgjebestemmelse

Viss klaga ikkje fører fram i form av at reguleringsplanforslaget blir avslått, må det til ei endring når det gjeld rekkjefølgjebestemmelse, pkt. 10.16 i reguleringsbestemmelsene.

Det vil vere ein viktig forskjell når det gjeld tilrettelagd hekking for fiskemåke. Det er først når hekkestativ fører til fullført vellukka hekking at ein har ein (avbøtande?) verknad. Før den tid veit ein ikkje om ein har noko tiltak med verknad. Det er følgjeleg ikkje nok å setje opp hekkestativ. Følgjande tillegg må takast inn i nemnte punkt, 1. avsnitt: «Minst halvparten av hekkestativa må være tatt i bruk og hatt som resultat fullført hekking.»

Krav om utsett iverksetting

Inngrep vil i stor grad vere irreversible eller i det minste føre til betydeleg skade på naturmangfaldet. Vi krev difor at klaga skal handsamast ferdig før det eventuelt kan gjerast inngrep.

Verda fekk nyleg ei avtale om å ta vare på meir natur. Kristiansund kommune kan her starte jobben med å gjere om vedtaket og heller regulere Stabeldammen til grøntområde.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær